

# KODEJAKTA 2024



**HJELMELAND KOMMUNE**

# Lykke til med jubileumsjakta

Kodejakta rundar i år 10 år. Det betyr at kodejegrane har besøkt rundt 100 turmål opp gjennom åra. Engasjementet rundt konkurransen er framleis like stort.

Me feirar jubileet med eit slags «Greatest Hits». Nåverande og tidlegare Kodejakt-general har plukka ut sju av dei tolv turmåla i årets Kodejakt blant dei aller flottaste og mest populære av dei tidlegare turmåla.

Fem nye turmål har fått plass blant dei gamle høgdepunkta. Me håpar at dei

kan bli nye turfavorittar. I år er tre av turane tilgjengelege for alle.

Sjølv om det har vore over 100 turar i Kodejakta gjennom 10 år, er det også mange andre turperler i Hjelmeland.

Gå inn på [hjelmeland.kommune.no](http://hjelmeland.kommune.no), trykk på «Kultur, fritid og turistinformasjon» og deretter på «Friluftsliv».

Der finn du kart med vegen til mange perler i tur- og naturkommunen Hjelmeland Naturlegvis.

**GOD TUR OG GOD JAKT!**


## HUGS DETTE NÅR DU GÅR UT PÅ TUR:

Det er generell bandtvang for hundar i Kodejakt-sesongen, og dei fleste turane går gjennom område med beitedyr.

Ta med deg godt med drikke når du legg ut på dei lengre turane.

Me minnar også om fjellvettreglane:

1. Planlegg turen og meld frå kvar du går
2. Tilpass turen etter evne og forhold
3. Ta omsyn til vêr- og skredvarsel
4. Ver førebudd på uvêr og kulde, også på korte turar
5. Ta med nødvendig utstyr for å kunne hjelpe deg sjølv og andre
6. Ta trygge vegval. Kjenn att skredfarleg terreng og usikker is
7. Bruk kart og kompass. Vit alltid kvar du er
8. Vend i tide, det er inga skam å snu
9. Spar på kreftene og søk ly om nødvendig



## 1. Svartavatnet, Årdal


Kjør opp i Lyngsheia og sving av på vegen til Åse. Parkeringplassen er ved ei lita bru 1 km inn på Åsevegen. Du kan eventuelt betala bomavgift og køyra til alternativ p-plass. Du finn info om bomavgift ved den første p-plassen.

Heile turen er 6 km lang, eller 4 km om du bruker den alternative parkeringa. Høgdeskilnaden er rundt 250 meter, utan veldig bratte kneiker.

Frå staden der koden er plassert, går det sti vidare med ei rundløype på toppane søraust

for Svartavatnet. Denne er ikkje merka (pga snø), men den er verd turen.

Du må rekna to-tre timar på turen, ein halvtime meir om du parkerer før bomvegen.



### Turkarta i Kodejakta er merka med ulike fargar

Dei gule turane er enkle turar som er tilgjengelege for alle.

Dei grøne turane er ganske korte og lette å gå. Dei passar godt for familiar.

Dei blå turane er topturar eller utflukter som varer frå ein til tre-fire timar.

Dei raud turane er utfordringar som du gjerne treng opptil heile dagen på.





## 2. Ritlandskrateret, Vormedalen

Du må køyra Vormedalsvegen frå Hjelme-land mot Tøtlandsvik. Når du kjem til Lau-galand, svingar du av mot parkerings-plas-sen på Kleivaland.

Etter å ha gått skogsstien opp dei første bakkane frå Kleivaland, kan du velja kva veg du skal ta vidare til utsiktspunktet med gapahuk. Den nordlege vegen (skilta som «Utsikt Ritlandskrater») går på trak-torveg mest heilt fram. Den sørlege vegen (skilta som «Melands Grønnahei») går på lett skogssti og myrterreng før han stig opp til koden ved gapahuken.

Me anbefalar at du går skogsstien minst ein av retningane, og helst på returen.

I gapahuken finn du informasjon om me-teoritten som forma landskapet for 500 millionar år sidan.


Rundturen er rundt 6 kilometer lang. Det er 318 meter mellom lågaste og høgaste punkt. Motbakken opp traktorvegen er ganske langdryg, medan bakken i skogs-stien er brattare og kortare.

Du kan gjerne rekna fire-fem timar på turen.

---

**Kodejakta 2024 er støtta av**

 **SparebankenVest**




### 3. Kjinnå, Gjessfjell

Du treng ikkje alltid å gå så langt for å få flott utsikt. Turen frå parkeringsplassen på Gjessfjell, eller Geisfjell som det står på skiltet ved avkøyringa frå Riksveg 13 ved Ingvaldstad mellom Årdal og Hjelmeland, er berre 1,5 kilometer tur/retur.

På turen ut til Kjinnå har du utsikt mot Årdal mellom trea. Ute ved koden har du utsikt mot Hetlandsbygda og Årdalsfjorden. Dette passar som ei utflukt for ein familie,

eller som ein kjapp kveldstur. Det er nokre blaute parti, så bruk gode tursko sjølv om turen er kort.



Hjelmeland kommune takkar alle grunneigarane som kvart år seier ja til at me kan merka turar på deira eigedomar og utmarks- og beiteområde.


For å halda på denne godviljen, ber me om at alle kodejegrar respekterer nokre enkle reglar.

Lukk grindar.

Hald hundar i band.

Set deg inn i reglane for tenning av bål.

Ta med deg søppelet heim frå turen.



## 4. Promenaden

## 5. Frierihamna

Denne rundturen med utgangspunkt i Hjelmevågen er tilgjengelig for alle og sikrar deg også to lodd i trekninga av premiar i Kodejakta 2024.

Rundturen inneheld mellom anna ein tur opp Klokkarbakken ved restauranten Smaken av Ryfylke. Om denne er for bratt, kan turen også gjennomførast ved å gå tur/retur på promenaden langs sjøen, men legg

gjern turen innom restauranten før du snur.

Kulturhuset Spinneriet er 150 år i år. I sommarferien er det både utstillingar og kafé i Spinneriet. Denne turen kan kombinert med eit besøk på Spinneriet, og det er også kort veg frå parkeringsplassen til dei sjarmerande husa i gamle Vågen.

### FØLG MERKINGA

Me har laga turkarta til Kodejakta så nøyaktige som me kan, men nokre stader vil du nok finna avvik mellom kart og løypemerking.

Om du er i tvil, skal du følge merkinga i staden for å følge kartet.







## 6. Selflåt, Årdal

Turen til fredelege, tidlegare fjellgarden Selflåt startar på Nes, og følger turistvegen mot Viglesdal til du har come til Rygg. Vel hundre meter aust for Rygg, følger du skil-tet med "Kodejakta".

Du finn info om Historisk vandrerrute - Driftavegen gjennom Viglesdalen på Nes.

Turen frå Nes til Selflåt er 4 km tur/retur.

Det er 275 meter høgdeskilnad frå parkeringa til målet. Du bruker gjerne to-tre timar på turen.


Det går også ein drifteveg frå Selflåt mot Nes som følger parallellt med turistvegen. Driftevegen er ikkje merka, og vanskeleg å finna på vegen opp, men lett å finna og følgja om du vil ha ein alternativ veg på returen.

Vegen til Ulladalen innanfor Jøsenfjorden er 100 år i år. Du må køyra forbi alle gardane i Ulladalen og oppover i fjellet for å finna startpunktet til denne turen. Turen startar i Suldal, men midtvegs langs Strandavatnet kryssar du grensa til Hjelmeland.

Turen er bratt i starten og meir småkupert innover fagre Fagerdalen. Bruk gode fjellsko, for du må hoppa på steinane over Fagerdalsånå i osen av Fiskefatet. Koden er plassert ved ein svært frisk badeplass inst i Strandavatnet.

Turen er 6 km tur/retur. Høgdeskilnad er 312 meter. Du må rekna fire-fem timar inklusiv ein dukkert.

## 7. Strandavatnet, Ulladalen





## 8. Randåsen, Randøy

Du finn startpunktet like ved Randøy Ring mellom Randa og Breivik. Ved det første vegskiljet kan du velja om du vil gå grusvegen eller skogsstien. Du bør velja skogsstien minst ein av retningane.

Turen til Randåsen er ein av dei mest populære og best vedlikehaldne i Hjelmeland. Her er det lagd til rette med trapper, kloppe og ganglemmar. Det er også råd å velja


alternative «omvegar» til Randåsen. Det blir informert om desse undervegs.

Turen er 4 kilometer lang. Høgdeskilnaden er 260 meter. Dette er ein tur med fleire utsiktspunkt og eit vidt utsyn over øyriket og fjordane. Du må rekna to-tre timar på turen.





## 9. Kaldavatnet Rundt, Årdal



Du finn parkeringsplassen på Røgle ved å køyra forbi Eventyrskogen i Årdal og vidare oppover Bønardalen. Sving til høgre ved brua over Bønarána.

Frå parkeringsplassen kan du velja kva veg du vil gå denne rundturen. Enten du vel grusvegen til Kaldavatnet eller skogsvegen mot Tofjellet, er det bratt i starten og meir kupert etterpå.

Det meste av turen går på berg og lynghei, men med nokre blaute parti. Du har fint utsyn undervegs, og det er råd å ta ein avstikkar til Skoarbønibena eller Tofjell om du vil sjå endå vidare.


Turen er 9 kilometer lang, og du må tilbakelegga 385 høgdemeter. Du må rekna fire-fem timar på turen. Koden er plassert ved minnesmerket over Edvard Valheim som mista livet i ei ulykke i 1916.

### KODEJAKTA HANDLAR IKKJE OM Å SPRINGA FORTAST

I skildringa av turane i Kodejakta vil du ofte finna formuleringar som «Du bruker gjerne to-tre timar på turen».

Mange vil nok oppleva at dei bruker mindre tid enn dette. Somme vil også bruka meir tid enn det som er oppgitt.

Tida som er oppgitt tek høgde for at folk gjerne tek seg tid til å nyta turen, og legg inn ein pause eller to undervegs.



Turen til Hjelmeland sitt høgaste punkt, Stora Blåfjell, er eit høgdepunkt på fleire måtar. Det er den turen mange kodejegrar nemner som den finaste dei har gått, og det var naturleg å ta den med på nytt når det er jubileum i 2024.

I 2024 er det dessutan 50 år sidan staten gav konsesjon til utbygginga av Ulla-Fjørre. Det gjer at Blåsjø-området er aktuelt av fleire grunnar. I år er det også råd å finna ein kode som er tilgjengeleg for alle ved å gå tur/retur over den 1,3 kilometer lange og 90 meter høge Fjørrevasdammen. Du startar i Suldal, men kryssar grensa til Hjelmeland midt på demningen.


Du finn startpunktet ved å køyra forbi Gullingen skisenter ved Mosvatnet i Suldal, og nesten tre mil vidare innover i heia. Du parkerer ved starten av Fjørrevasdammen.

Turen til Stora Blåfjell følger turistvegen mot Eidavatnet dei første kilometrane etter Fjørrevasdammen, før den svingar av mot sjølve toppunktet.

Du må minst rekna fem-seks timar, og gjerne setja av heile dagen til denne turen. Løna er det milevide, 360-graders utsynet du har der du går på Hjelmeland sitt tak - heilt opp til 1254 meter over havet. Turen startar på 1050 meter.

På denne turen er du verkeleg på høg fjellet, og ingen bør leggja ut på denne turen utan god niste, gode klede og kart og kompass.

**OBS!: Vegen til Fjørrevasdammen opnar normalt ikkje før i byrjinga av juli. Turen blir heller ikkje merka før den tid. Følg med på Kodejakta 2024 på Facebook. Målet er å gjera turen klar i første halvdel av juli.**



## 12. Håvehammar, Jøsneset

Jøsneset har eit svært godt nett av turløyper og turpostar. Alle turane er knytte saman med kvarandre, og det er fleire utgangspunkt. Håvehammar er det best besøkte av alle turmåla i bygda.

Startpunktet finn du ved å køyra frå Nesvik ferjekai og svinga av mot Skiftun. Etter nokre kilometer svingar du av på Åslandsvegen og køyrer til parkeringsplassen heilt på toppen.

Om du berre vil ha ein liten svipttur på ein halvtime til ein time, går du til Håvehammar og tilbake til parkeringa. Rundturen via Asheim og opp bakken til Åsland att, tek vel to timar og gjer at du får litt meir puls.

Om du verkeleg vil oppleva Jøsneset, går du inn på josneset.no og vel «Ut på tur». Der finn du kartet for alle turane i bygda, og med utgangspunkt i den korte turen til Håvehammar kan du laga din eigen rundtur om du vil.

### ANDRE TURFORSLAG

Kanskje finn du fleire turar her:

Hjelmeland Turlag, Facebook


Turpostane på topp i Årdal, Facebook

På tur i Hjelmeland, Facebook

[josneset.no](http://josneset.no), [ut.no](http://ut.no)

Turistkontoret i Spinneriet (frå 21. juni)

### SKANN QR-KODE FOR TURTIPS





Send inn kodane du har samla innan **13. oktober** og bli med i trekninga av flotte premiar. Hugs at om du har funne alle tolv kodane, har du tolv lodd i trekninga. Har du berre funne ein, har du eitt lodd.

Turmål	Kode	Turmål	Kode
1 Svartavatnet		7. Strandavatnet	
2. Ritlandskrateret		8.Randåsen	
3. Kjinnå		9. Kaldavatnet Rundt	
4. Promenaden		10. Førrevassdammen	
5. Frierihamna		11. Stora Blåfjell	
6. Selflåt		12. Håvehammar	

Fyll ut skjemaet og send til Hjelmeland kommune, Vågavegen 116, 4130 Hjelmeland - eller send kodane dine til [postmottak@hjelmeland.kommune.no](mailto:postmottak@hjelmeland.kommune.no) - eller lever dei til kundesenteret i Vågahuset innan 13. oktober. Del gjerne dine turopplevingar, filmar og bilde eller meiningar om turane på Facebook-gruppa Kodejakta 2024.

God tur og god jakt!

**Førstepremie: Gåvekort på turutstyr Sport1 Jørpeland - 5.000 kroner**

**Andrepremie: Gåvekort på turutstyr Sport1 Jørpeland - 3.000 kroner**

**Tredjepremie: Gåvekort på turutstyr Sport1 Jørpeland - 2.000 kroner**

4. — 8. premie: Diverse turutstyr og bokpremiar

